

Konfirmant 2013

**GIOVANI**

STAURSET

HERRE DAME UNGDOM SPORT

Ørsta - Volda

kr 20,-

# More-Nytt

Torsdag 18. april 2013

Nr 44 – 79. årgang

## Heider til Håvard Vartdal



Håvard Vartdal vart heidra av Rotary tysdag.

– Eg er stolt takksam for at eg vert æra på denne måten, seier Håvard Vartdal etter at han tok i mot Rotary si høgste utmerking tysdag.

(Side 20)

– Dette er det største, dyraste og mest ressurskrevjande utviklingsprogrammet vi nokon gong har hatt, fortel Børre Davidsen, prosjektsjef innan sal på Fora Form i Ørsta. Bedrifta lanserer i dag, torsdag, det som vert kalla ein ny prisgunstig generasjon møblering av auditorium.

(Side 12 og 13)

Børre Davidsen, Tone Sørensen og Sølvi Aam



## Vassendgutane



Styremedlem i Ørsta Rotary, Thor Arne Sørheim, las opp grunngjevinga for at Håvard Vartdal fekk den høgthengjande prisen.



Det var president i Ørsta Rotary, Arnstein Nupen, som delte ut "Paul Harris Fellow recognition" til Håvard Vartdal.

# Rotary heidra Håvard Vartdal

– Eg er stolt takksam for at eg vert æra på denne måten. Eg hadde ikkje forventa dette, sa Håvard Vartdal då han tok i mot Rotary si høgste utmerking tysdag. Det er første gongen nokon utanom Rotarymedlemmer har fått "Paul Harris Fellow recognition" frå Ørsta Rotaryklubb sidan 1970 talet.

Det var ei høgtidlege stemning på hotell Ivar Aasen tysdag, då Ørsta Rotary klubb delte ut

"Paul Harris Felles recognition" til Håvard Vartdal frå Vartdal plast.

Styremedlem Thor Arne Sørheim las opp grunngjevinga, før Håvard Vartdal tok i mot sertifikat, jakkeknapp og medalje av president Arnstein Nupen.

## Heng høgt

– Då vi i styret i fjor haust drøfta kandidatar til å få PHF-utmerkinga, la vi vekt på samfunnsgagnleg innsats. Elles som det står i mottoet til Rotary "Service above self" som kan omsetjast med ueigennyttig innsats, innleidde Sørheim.

Han sa vidare at den utmerkinga har dei ikkje gitt til nokon utanom klubben, sidan Sonja Vidnes fekk den for sin innsats for sjukehuset i Volda på 70-talet.

## Samfunnstenleg arbeid

– Når vi i dag deler ut PHF til Håvard Vartdal, så er det ikkje berre næringslivsleiaren Håvard som blir heidra, men kanskje vel så mykje den samfunnsengasjerte Håvard. For det arbeidet han gjennom år har lagt ned for å skape eit godt nærmiljø, poengerte Sørheim.



Han fortalte at han har kjend Håvard sidan 80-talet, då dei sat saman i hovudstyret for Sparebanken.

Av samfunnstenleg arbeid kunne Sørheim liste opp:

– Håvard leia lokalstyret i sparebanken på Vartdal i 12 år. Der fekk han vere med å leggje føringar for korleis den lokale banken skulle spele på lag med samfunnet. Han leia også styret i Vartdal vassverk i ei årrekke. Både hans eiga og andre verksemder på Vartdal trond ei betre og stabil vassførsel. Det same gjorde bygda. Utbygginga av vassverket skapte ein vinn/vinn situasjon for både Vartdal plast og lokalsamfunnet elles. Gangvegen på Vartdal er eit anna prosjekt han engasjerte seg i. Her samarbeidde han med kommunen og vegvesenet og fekk gjennomført ei utbygging som betyr mykje både når det gjeld trivsel og trafikksikkerheit.

## Arbeidsplassar og VD-hallen

Sørheim understreka at verksemda Vartdal plast, har gitt arbeid til mange i nærmiljøet.

– Det er ikkje sikkert han alltid har sett på CV-en til folk når han har tilsett nye arbeidarar. Men han har sett på personen bak papira, og gitt menneske tillit slik at dei kunne vise kva dei var gode for, fortalde Sørheim.

VD-hallen som vart innvigd nyleg er eit anna prosjekt som Håvard har vore pådrivar for. Bygget innehold både idrettshall, fiskerimuseum og fungerer som ei storstove for heile Vartdalsstranda.

Håvard Vartdal har nyttet nettverket sitt og sine eigne ressursar for å få denne hallen bygd.

## Innovasjon

I tillegg til å snakke om alt det samfunnsnyttige arbeidet Håvard har engasjert seg i, fortalte Sørheim om Vartdal plast. Verksemda som far hans, Jan Vartdal, starta på 1960-talet. Eit konsern som no har avdelingar og døtterbedrifter frå Rogaland i sør til Nordland i nord.

– Noko av det som kjenneteiknar Håvard og verksemda hans, er innovasjon. Ei fiskekasse er ikkje berre ei fiskekasse. Stadige forbetringar må til for at produktet skal halde stand i marknaden. Produktutvikling og nye marknadsområde pregar verksemda, understreka han.

Vartdal plast leverer i dag både fiskeemballasje, teknisk emballasje og byggisolasjon.

## Herdís og lojale arbeidarar

Efter at Håvard Vartdal hadde fått medalje, jakkeknapp, diplom og blomster frå president Arnstein

Nupen, heldt han takketale.

– Eg er stolt og takksam for at eg blir ære på denne måten. Dette hadde eg ikkje forventa, innleidde han.

Håvard sa vidare at han delte pris med kona si, Herdis Vartdal, og lojale og stolte arbeidarar.

– Då eg bestemte meg for å ta over verksemda etter far min, sa kona mi at ho skulle ta seg av alt heime. Og det har ho gjort. Det å leie ei slik bedrift er meir ein livsstil enn ein jobb. Ein jobbar både natt og dag, helg og yrke, sa han.

## Stor glede

Den tidlegare leiaren i Vartdal plast, som no har ansvar for produktutvikling og rådgjeving, har berre godt å seie både om kommunen, grunneigarar på Vartdal og folk i lokalsamfunnet.

– Eg kan ikkje setje fingeren på noko. Alt vi har ønskt å få til, har vi fått i gjennom, sa han nøgd.

Håvard fortalte at han har hatt stor glede av å engasjere seg i samfunnsnyttige tiltak.

Men at dei også var litt egoistiske.

– Når det gjeld VD-hallen og gangvegen veit eg at desse to prosjekta betyr enormt mykje for mange. Eg føler hallen har gitt bygdena på Vartdalsstranda ein ny giv. Og at den verkar samlande, fortalte han.

Heidersmannen Håvard Vartdal

Det var ei høgtideleg stemning på møtet i Ørsta Rotaryklubb då Håvard Vartdal fekk "Paul Harris Fellow recognition".

sa vidare:

– Det er kjekt å få gi noko tilbake. Det å vere med å bidra i lokalsamfunnet har gitt meg utruleg mykje også. Spesielt det å bidra til bygging av hallen, avslutta samfunnsbyggjaren og næringslivsmannen.

## Betyr mykje

Etter ei økt med kaker og kaffi, fekk vi ein prat Håvard.

– Korleis var det å få vite at du skulle få ein slik utmerking?

– Det var veldig overraskande. Men det er godt å få tilbakemelding frå folk om at dei set pris på det arbeidet ein har drive på med gjennom eit heilt liv. Det betyr veldig mykje, og kjennest ut som ein dessert i denne delen av yrkeskarrieren.

– Kva vil du seie har vore fokuset i arbeidet med verksemda gjennom alle desse åra?

– Vi har heile tida sett framover, og tenkt nye marknader og nye produkter. Det har også vore svært viktig å ha gode folk rundt meg, seier han.

**Ingvild Runde**